

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 17.10.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Arne Skjelten  
**SAKA GJELD:** **Oppnemning av valstyre i samband med val av tilsette sine representantar i styret i Helse Førde HF**

**ARKIVSAK:** 2016/3991  
**STYRESAK:** **056/2016**

**STYREMØTE:** **28.10.2016**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Det vert oppnemnd valstyre for val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde HF. Medlemmar av valstyret vert:
  - Thor Åge Midttun, seksjonsleiar HR Rådgjeving
  - Ola Hjelle, tillitsvald
  - Wenche Røkenes, tillitsvald
2. Valstyret vel leiar og nestleiar når valstyret har konstituerande møte. Val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde og Helse Vest sitt styre, vert å gjennomføre på ein best mogleg samordna måte for å utnytte ressursane og avgrense kostnadane så langt dette er mogeleg.
3. Valet tek sikte på å vere gjennomført innan utløpet av februar 2017.

## Fakta

Forskrifta for val av dei tilsette sine representantar til styret vart sett i verk i 2003. Førre val vart gjennomført i februar 2015. Sak om val av styremedlemmer, vald av og blant dei tilsette, vart sist handsama i styremøte 16. september 2014. Valet vart gjennomført slik det var tilrådd. Valstyret frå 2015 har ikkje hatt oppgåver utover gjennomføring av sjølve valet i 2015.

Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med "Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetak og helseforetaks styrer". Val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde HF skal vere gjennomført innan utgangen av februar 2017.

Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett, der ein er leiar og ein er nestleiar. Valet skal skje skriftleg som fleirtalsval med mindre 1/5 av dei som har røysterett, eller fagforeining som omfattar minst 1/5 av dei med røysterett, seinast seks veker før valdagen, skriftleg krev at det skal skje som forholdstalsval.

For skiping av valstyre gjeld § 8 i forskrifta slik:

*"Valget ledes av et valgstyre. Valgstyret skal bestå av minst tre personer med stemmerett, hvorav en leder og en nestleder. De ansatte og foretakets ledelse skal ha minst en representant hver i valgstyret. Når styrerepresentasjon for de ansatte er etablert, herunder ved en midlertidig avtalebasert ordning, oppnevnes valgstyret av foretakets styre. Dersom slik representasjon ikke er etablert, skal valgstyret oppnevnes av foretakets daglige leder, eller den vedkommende gir fullmakt, sammen med de ansattes tillitsvalgte.*

*Dersom valgstyret må oppnevnes gjennom avstemning, er det bare de ansattes representanter som har stemmerett. Foretakets ledelse skal dog ha anledning til å oppnevne en representant i valgstyret. Medlemmer av valgstyret som ikke kan eller ønsker å fungere lenger, skal erstattes snarest."*

På same tid skal det veljast tilsettere representantar i Helse Vest RHF og dei andre HF. Det er føremålstenleg at det valstyret som vert oppretta for Helse Førde samarbeider med Helse Vest sitt valstyre, for å samordne valprosessane slik at ein unngår å gjere arbeidet fleire stader. Dette har vore diskutert med Helse Vest og vi har gitt tilslutning til at vi samordnar valet slik at det kan gjennomførast på ein føremålstenleg måte samtidig i heile Helse Vest.

Administrasjonen vil i møte med føretakstillitsvalde og på intranett, orientere om fristar og aktivitetar som skal gjennomførast.

## Konklusjon

Det vert oppnemnd valstyre for val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde HF.  
Medlemmar av valstyret vert:

1. Thor Åge Midttun
2. Ola Hjelle
3. Wenche Røkenes

Valstyret vel leiar og nestleiar når valstyret har konstituerande møte. Val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde og Helse Vest sitt styre, vert å gjennomføre på ein best mogleg samordna måte for å utnytte ressursane og avgrense kostnadane så langt dette er mogleg.

Valet tek sikte på å vere gjennomført innan utløpet av februar 2017.